



Hemsedal kommune

3560 Hemsedal

Rapporten er sendt per e-post til: postmottak@hemsedal.kommune.no

Rapport etter forureiningstilsyn ved Trøim avløpsanlegg

Samandrag

Fylkesmannen gjennomførte 11. juni 2014 forureiningstilsyn ved Trøim avløpsanlegg. Tilsynet ble gjennomført som ein inspeksjon. Denne rapporten omhandlar avvik, merknadar og andre forhold som ble avdekkja under inspeksjonen. Rapporten omhandlar òg oppfølging etter inspeksjonen. Den er å anse som endelig viss vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan 9. juli 2014.

Fylkesmannen avdekkja eit avvik og ein merknad under inspeksjonen.

Avviket gjaldt følgjande:

- Hemsedal kommune hadde mangelfulle rutinar for å overvake, kontrollere og rapportere tap frå avløpsnettet.

Merknaden gjaldt følgjande:

- Det var manglar ved risikovurderinga for avløpsanlegget.

Avviket og merknaden er nærare beskrive under eigne punkt.

Vi ber om at kommunen innan 1. januar 2015 ender Fylkesmannen ei skriftlig melding om at avviket er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare beskrive under eget punkt.

Kommunen skal betale 12 000 kr i gebyr for inspeksjonen.

Trøim avløpsanlegg hadde i 2013 en gjennomsnittleg reinseeffekt for fosfor på 93 %, og eit tap av avløpsvatn frå avløpsnettet på ca. 2,8 %. Med dette overheldt kommunen krava Trøim avløpsanlegg har til fosforreinseffekt og tap frå avløpsnettet. Kommunen overheldt òg kravet til reinsing av organisk stoff ved Trøim avløpsanlegg i 2013.

Marianne Seland
seniorrådgiver

Håkon Dalen
kontrollør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan underskrift

Diverse informasjon

Dato for inspeksjonen: 11. juni 2014	Rapportnummer: 2014.030.I
Førre inspeksjon: 5. juni 2008	
Kontaktperson for verksemda: Bjørn Olav Viken	Til stades frå Fylkesmannen: Marianne Seland Håkon Dalen

Kontrollert verksemd:

Namn: Trøim avløpsanlegg, eigd og drive av Hemsedal kommune	E-post: postmottak@hemsedal.kommune.no
Besøksadresse: Trøim, 3560 Hemsedal	Telefon: 32 02 90 00
Organisasjonsnr.: 964952701	Kommune: 0618 Hemsedal
	Anleggsnr.: 0618.0008.01
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	Løyve gitt: 19. september 2003
Risikoklasse: 3	Løyve sist endra: 2. mai 2013

Bakgrunn for inspeksjonen

Fylkesmannen gjennomførte inspeksjonen for å kontrollere om Trøim avløpsanlegg overheld gjeldande krav fastsatt i eller i medhald av forurensningsloven. Inspeksjonen inngår i ein landsdekkande kontrollaksjon for avløpsanlegg.

Tema for inspeksjonen var som følgjer:

- avløpsnett
- driftsresultat
- utslippskontroll
- internkontroll
- risikovurdering
- langsiktige planer

Rapporten beskriver avvik og merknader som ble avdekka under inspeksjonen, innan områder der Fylkesmannen er forureiningsmyndighet. Rapporten gir altså ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemdas miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: manglande etterleving av krav fastsatt i eller i medhald av lov.

Merknad: eit forhold som Fylkesmannen meiner er nødvendig å påpeke for å ivareta det ytre miljøet, men som ikkje omfattast av definisjonen for avvik.

Resultat frå inspeksjonen

Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Hemsedal kommune hadde mangelfulle rutinar for å overvake, kontrollere og rapportere tap frå avløpsnettet.

Avvik frå:

Internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 4 og 6, og forurensningsforskriften § 14-5, jamfør kommunens utsleppsløyve vedlegg 2.

Kommentarar:

I avløpsnettet til Trøim avløpsanlegg er det fire operative pumpestasjonar, ein pumpestasjon som er ferdig bygd men ikkje tatt i bruk enda, og ein pumpestasjon som er planlagt bygd og tatt i bruk i løpet av 2015. Alle pumpestasjonane er eller vil bli utstyrt med overløp. To av overløpa ledas til infiltrasjon, medan fire ledas eller vil bli ledet til elva Hemsil. I tillegg er det eit overløp ved reinseanlegget. Det er ikkje andre overløp på avløpsnettet. Kommunens representantar ved inspeksjonen var ikkje kjent med at det var nokre lekkasjar av betydning på avløpsnettet til Trøim avløpsanlegg.

Tapet av ureinsa avløpsvann frå avløpsnettet til Trøim avløpsanlegg, inkludert tap frå overløpet ved reinseanlegget, skal ikkje vere større enn 5 % per år. Se vedlegg 2 i kommunens utsleppsløyve. Med avløpsvann meiner vi i denne samanhengen kommunalt og industrielt avløpsvann. Sjå definisjon i forurensningsforskriften § 11-3. Hemsedal kommune kunne ved inspeksjonen dokumentere at tapet av avløpsvatn frå avløpsnettet var 0,1 % i 2012 og 2,8 % i 2013, og at kommunen med det hadde overheldt kravet i utsleppsløyva i desse åra. Men kommunen hadde følgjande manglar ved overvakinga, kontrollen og rapporteringa av tap frå avløpsnettet:

- Alle pumpestasjonane tilknytta Trøim avløpsanlegg har utstyr som gjer at kommunen kan registrere eller berekne driftstid for overløp. Men kommunen hadde mangelfulle rutinar for å fortløpande summere opp og vurdere data frå denne tidsregistreringa. Forurensningsforskriften § 14-5 seier at kommunen skal registrere eller berekne driftstid for utslipp frå overløp. Vidare forventar Fylkesmannen – ut frå krava i internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 7 – at kommunen innfører, etterlever og dokumenterer ei rutine for å regelmessig summere opp og vurdere data om tap frå avløpsnettet. Dette bør gjerast 1) månadleg, 2) som en del av kommunens faste, kvartalsvise rapporter for avløpsanlegget, og 3) som ei del av kommunens årsrapportering for Trøim avløpsanlegg.
- Vi meiner kommunen skal ha med tap av avløpsvann frå avløpsnettet som en del av målsettinga for korleis Trøim avløpsanlegg kan påverke det ytre miljøet, jamfør internkontrollforskriften § 5, 2. ledd punkt 4. Vidare meiner vi at rapportering av om dette målet er oppnådd eller ikkje skal vere med i rapporteringa kommunen gjer for Trøim avløpsanlegg, for eksempel i kommunens årsmelding.

Merknadar

Vi har følgjande merknader etter inspeksjonen:

Merknad 1

Det var manglar ved risikovurderinga for avløpsanlegget.

Kommentarar:

Hemsedal kommune hadde ved tilsynet ei dokumentert risikovurdering for Trøim avløpsanlegg. Men risikovurderinga var ifølge kommunens representantar mangelfull, og ikkje oppdatert sidan 2008. Kommunen hadde difor i mars 2014 satt i gang et arbeid med å lage ei ny risikovurdering for avløpsanlegget. Kommunen planlegger å ha den nye risikovurderinga klar innan utgangen av 2014, saman med ei rutine for korleis kommunen skal oppdatere og revidere risikovurderinga. Fylkesmannen ønskjer som en del av dette tilsynet å følgje med på at kommunen fullfører arbeidet med denne risikovurderinga, og vi ber difor om å få tilsendt risikovurderinga når den er ferdig, innan utgangen av 2014. Sjå avsnittet «Oppfølging etter inspeksjonen».

Andre forhold

Status for avløpsplan

Hemsedal kommune hadde ved inspeksjonen en hovudplan avløp for Trøim avløpsanlegg. Planen var laga for perioden 2004 til 2008, men han var fortsatt var gjeldande. Kommunen var ved inspeksjonen i gang med å lage ein ny avløpsplan, som kommunen har som mål å være ferdig med – og ha vedtatt politisk – i løpet av sommaren 2015. I forbindelse med at kommunen nå arbeider med denne langsiktige, overordna avløpsplanen, vil Fylkesmannen si følgjande:

- I tilfelle utslippet frå Trøim avløpsanlegg aukar vesentleg, skal kommunen i forkant av endringa ha søkt om, og fått, en revidert utslippsløyve etter forurensningsloven, jamfør forurensningsforskriften § 14-4. Med vesentlig auking meinas normalt ein auking på 25 % eller meir. Se Miljødirektoratets kommentarar til forurensningsforskriften kapittel 14.
- Ved en framtidig endring av utslippsløyva for Trøim avløpsanlegg, kan det være aktuelt å skjerpe kravet til maks tap av sanitært og industrielt avløpsvann frå avløpsnettet til ned mot 1 % per år. Fylkesmannen meiner at det ved eit godt fungerande avløpsnett, med separatsystem for avløpsvatn, ikkje bør vere større tap av avløpsvatn enn maks 1 % per år.
- Hemsedal kommune så ut til å ta kunnskap om forventa framtidige klimaendringar i betraktning ved avløpsplanlegginga. For eksempel fortalte kommunens representantar ved inspeksjonen at kommunen i risikovurderinga for Trøim avløpsanlegg vil bruke eit flomsonekart som nå er under utarbeiding hos Norges vassdrags- og energidirektorat. Fylkesmannen er oppteke av at kommunen på denne måten – og på andre måtar –tek omsyn til forventa klimaendringar når den lagar langsiktige avløpsplanar.

Oppfølging etter inspeksjonen

Hemsedal kommune plikter snarast å få retta avviket som er beskrevet i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må kommunen innan 1. januar 2015 sende oss ei skriftleg melding med dokumentasjon som viser at avviket er retta. I tillegg ber vi om å få tilsendt dokumentasjon på at risikovurderinga for Trøim avløpsanlegg er ferdig innan denne dato.

Vi ber om at de sender meldingar per e-post til fmbugpost@fylkesmannen.no, gjerne med kopi til kontrolløren (fmbughda@fylkesmannen.no). Eventuelt kan de sende meldingar per post til Fylkesmannen i Buskerud, postboks 1604, 3007 Drammen.

Gebyr for inspeksjonen

Fylkesmannen er pålagt å krevje gebyr for gjennomførte inspeksjonar i verksemdar med løyve etter forurensningsloven. Gebyret skal dekke kostnadene for gjennomføringa av inspeksjonane. Trøim avløpsanlegg er plassert i risikoklasse 3. Dette inneber at kommunen skal betale 12 000 kr i gebyr for inspeksjonen, jamfør forurensningsforskriften § 39-6. Faktura med innbetalingsblankett ettersendes.

Offentligheit i forvaltninga

Den endelige inspeksjonsrapporten vil være tilgjengelig for offentlegheita på www.fmbu.no, jamfør offentleglova.

Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forurensningsloven) med forskrifter
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)
- korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen
- verksemdas eigen dokumentasjon knytt til den daglige drifta og til forhold av betydning for helse, miljø og sikkerhet
- Utslippsstillatelse for avløpsvann inkludert overvann frå Hemsedal kommune, datert 19. september 2003 (verksemdas utsleppsløyve)

Informasjon til verksemda

Regelverk som Fylkesmannen informerte om:

- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)

Aktuelle brosjyrar/faktaark:

- Avløpsanlegg – Vurdering av risiko for ytre miljø. Norsk Vann rapport 197/2013 (www.norsk vann.no).